



KUNNSKAPSGRUNNLAG

Vedlegg til Kulturmiljøplan for Hemsedal Kommune
2026-2029

Forsidefoto: HemsedalTuristtrafikklag/DestinasjonHemsedal
Foto på side 2: HemsedalTuristtrafikklag/DestinasjonHemsedal
Andre bilete i dette kunnskapsgrunnlaget blir krediterte fortløpande.
Layout: Sarah Peters
Kart v/ Alexander Brodahl Moxnes

Korleis oppfattar og knyter vi oss til det landskapet vi lever i til dagleg, eller besøker i helger og feriar?


Kva er det som skil område frå kvarandre og som gjer at vi kjenner att ein stad? Kva er meiningsberande og unikt i augo til dei som bur der?

Dette dokumentet er starten på eit kunnskapsgrunnlag som må utviklast i samarbeid med dei som bur i bygda.

Det er eit vedlegg til kulturmiljøplanen. Og utgangspunkt for faktaark knytt til kvart område i kommunekart for kulturmiljø.

Rapporten inviterer til vidare samarbeid for å finne fram til dei kulturlandskapa og kulturmiljøa vi vil ta vare på i Hemsedal.





Kongevegen gjennom Venås. Foto: Jostein Venås, Hemsedal Kommune

Føreord

Dette dokumentet er eit kunnskapsgrunnlag til Hemsedal kommune sin fyrste kulturmiljøplan (vedlegg 1 til planen). Ein kulturmiljøplan er kommunen si oversikt over verneverdige kulturminne og kulturmiljø i kommunen og inneheld ein plan for forvaltinga av desse. Kommunane definerer sjølve kva for kulturminne som er verneverdige og som skal inngå i kulturmiljøplanen.¹

I Hemsedal har vi mange landskap med store kulturlandskapsfaglege verdiar som er viktige for både innbyggjarar og gjester i bygda. Dette kunnskapsgrunnlaget **viser eit representativt utval av område med særprega kulturmiljø og kulturlandskap**, og med ei spennvidde i natur- og kulturtypar som er typisk for Hemsedal. Dei er dermed viktige for stadkjensla; oppleving av stadeige særpreg, atmosfære og identiteten til ulike stader i Hemsedal.

Hanne Lykkja har vore prosjektleiar og stått for utarbeiding av kulturmiljøplanen og kunnskapsgrunnlaget. Alexander Brodahl Moxnes utviklar kulturmiljøkartet. Dette er gjort etter mange runder med innspel frå grendemøte og ressursgrupper, i nært samarbeid med folk frå ulike fagfelt i kommuneadministrasjonen og kulturinteresserte folk i bygda. Sissel Carlstrøm har kvalitetssikra kulturfagleg innhald og skildringar av kulturmiljø og landskap.

Det har vore stor grad av eigeninnsats og stor grad av medverknad. Riksantikvaren og Buskerud fylkeskommune har bidrege med rådgjeving og finansiering. Fagleg tilnærming og metode er presentert i kulturmiljøplanen (kapittel 3).

Det er behov for å utvikle meir kunnskap og byggje opp lokal kompetanse for kartlegging, registrering, ivaretaking og formidling av kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap. Denne planen inviterer til vidare samarbeid.

¹ **Riksantikvaren.** Rettleiing om kommunale kulturmiljøplanar / kulturminneplanar.

Innhald

Føreord	4
1. Kulturlandskapstypar i fjellbygda Hemsedal	8
1.1. Jordbruket i dalbotnen	12
Joleimsmyrane – eit nasjonalt viktig kulturlandskap (KULA-område)	13
Kyrkjebøen og Stupulhaugen.....	17
1.2 Liagardane	23
Bygdaturnet, Øvre Løkji.....	24
Lio til Venås, Sjøheim og Sletthaug	28
Ålrust til Eikre	31
Markegard, Ålstveit, Finn og Gravsetåsen	33
1.2. Heimstølane	35
Fagerset- Slette -Teigavollen-Muren	35
1.3 Langstølane	38
Ershovd til Storeskar	39
Bulien	42
Mørkvam – Søteli - Kjlåen	45
Hydalen	47
Fjellstølan	50
Ulsåkstølane, Løkjistølane og Grøtestølen	52
Joleimstølane	55
Krosstølane –langstølar i skog.....	57
Leinestølen til Sirislettan	59

1.4 Jakt, fangst og fiske	62
Vabuleino	63
Anna ressursutnytting i utmark	67
Utmarksnæring, jernvinneanlegg i Markegardslia	67
2. Fjellogangane: Ferdavegar knytt til dei store ferdselsårene	70
.....	70
Kongevegen gjennom Hemsedal – frå Robru til Eldrevatnet	71
Fjellvegane nordover til Valdres og sørover til Ål	74
3. Tre bygdesentrum - Tuv, Trøym og Ulsåk	78
Overordna prinsipp for utvikling av dei tre tettstadane	83
Referansar	86



Ershovdstølen. Foto: Hemsedal Kommune/Hanne Lykkja

1. Kulturlandskapstypar i fjellbygda Hemsedal

Planen viser eit representativt utval av område med særprega kulturlandskap og kulturmiljø, og med ei spennvidde i natur- og kulturtypar som er typisk for Hemsedal og dermed viktige for stadkjensla (oppleving av stadeige særpreg, atmosfære og identiteten til ulike stader i Hemsdal).

Dei heilskaplege kulturlandskapsområda er prega av fjellandbruket, med biologiske og kulturhistoriske verdiar, forma av langvarig tradisjonell bruk, og med synleg tidsjubde og god hevd. Det er ynskjeleg å få til langvarig skjøtsel og vedlikehald av områda. Desse utveljingskriteria byggjer på Utvalde kulturlandskap i jordbruket ([UKL-områda](#)) og Riksantikvaren sine hovudverdiar for kunnskap, opplevingar og bruk.²

Fjellandbruket

1. **Landbruket nede i bygda:** Joleimsmyrane (KULA-område), Kyrkjebøen - Stupulhaugen, Hulbakvegen- Hustadberget, og Løkji-Bygdatunet)
2. **Landbruket oppe i dalene (liagardane):** Venås-Sjåheim-Sletthaug, Ålrust- Eikre, Halbjørhus -Markegård- Gravsetåsen-Finnstigen
3. **Heimstølane:** Hulbakstølen og Finsetstølen, Fagerset - Muren
4. **Langstølane:** Ershovd–Storeskar, Bulien, Mørekvam–Søteli-Kljåen, Hydalen (Landskapsvernområde), Fjellstølane (mellomstøl), Joleimstølane, Ulsåkstølane–Løkjistølane og Grøtesølane, Leinestølane–Sirislettan, Krosstølane
5. **Jakt, fangst og fiske:** Arkeologiske kulturminne: Veidekulturen: Dyrefangsanlegget ved Vabuleino
6. **Anna ressursutnytting i fjellet:** Jernvinne: Anlegg i Markegardslia. Skiferbrot: Skogshorn og Trøymsbotn. Sløer (sjå tiltak i handlingsplanen)
7. **Tekniske kulturminne:** Desse kulturminna kan visast med symbol på kulturmiljøkartet (Sjå tiltak i handlingsplanen). Kverner, møller og sager knytt til bekkar og elver. Elektrisk mølle, Joleim. Torvuttak: Damtjednan, Snertemyran. Vasskraftanlegg: To kraftverk som produserer, Grøndalen og Brekkefossen.

² Landbruksdirektoratet / Landbruks- og matdepartementet / Miljødirektoratet / Riksantikvaren. *Utvalde kulturlandskap i jordbruket – forankring, kriterium og omtale av arbeidet.*

Riksantikvaren. *Rettleiing om kulturhistoriske verdiar / verdisetting*

Utveljing av områda er gjort på bakgrunn av innspel frå 5 grendemøte våren 2025. Skildringane er seinare kvalitetssikra i samråd med ei utvida ressursgruppe, samansett av folk frå administrasjonen med stor lokalhistorisk kunnskap og kjennskap, medlemmer frå historielaget, kulturminnegruppa som jobbar med verdisetting av gamle bygningar, og fagfolk frå regionale kulturstyresmakter. Dei er vidare sett i samanheng med kunnskapsgrunnlag frå andre kommunale planar, prosjekt og tiltak. Som t.d. KULA-området Joleimsmyrane, landskapsvernområdet Hydalen, samfunnsplanen, beitebruksplanen, FIFA-planen, prosjektet SMART fjellbygd og arbeidet med sentrumsplanen, bustadpolitisk plan, naturmangfaldsplanen og reguleringsplanar knytt til natur- og kulturområde. To område til kom med etter innspel høyring.

Til kvart område er det utarbeidd skildringar av landskapet, kulturmiljøet og viktige punkt for planlegging og forvaltning. Eit kartutsnitt som viser avgrensing av området og eit par bilde som viser kulturhistoriske kjerneverdier for området.

Områdeavgrensinga er òg vist på kommunekartet for kulturmiljø. Skildringane her er grunnlag for å lage faktaark knytt til kvart område som ligg på kommunekartet sitt temakart for kulturmiljø (dette er difor sett opp i handlingsplanen). Verdiane skildra i desse områda er overførbare og bør brukast ved forvaltning av liknande område og kulturmiljø andre stader i kommunen. Dersom kommunen meiner eit område treng spesielle omsyn, kan det takast inn som omsynssone i kommuneplanen sin arealdel.

Landskapstypene i figuren på neste side er skildra i kap.3 i kulturmiljøplanen: *overordna trekk ved kulturmiljø og landskap.*

Dei utvalde områda er skildra i denne rapporten: *Områdeskildringa* forklarar verdier som ligg til grunn for identifisering og avgrensing av området. *Kulturmiljø* kva vi ser etter, legg merke til, framhevar, som skorar høgt. *Viktige punkt for planlegging og forvaltning* seier noko om sårbarheit, endringsfaktorar ein bør vere obs. på, mulegheiter for bruk og vern.



LANDSKAPSTYPE	UTVALD OMRÅDE
<p>JAKT OG FANGST I HØGFJELLET Fangstanlegg med reins-graver, bogastelle og andre kulturspor frå steinalder til vår tid.</p>	<p>Vabuleino, fangstanlegg og steinalderbuplassar (automatisk freda) og langstølar</p>
<p>RESSURSUTVINNING I UTMARKA Jernvinne i lågfjellet, med skog, myrer og vatn. Ulike steinbrot i fjellet.</p>	<p>Markegardslia, jernvinneanlegg, langstølar og mange hytter, før ny fast busetnad i Lykkja.</p>
<p>LANGSTØLAR Ofte enkle husvære med fjøs og løer i solvendte lågfjellsdalar eller meir opne vidder der stølane ligg samla i grender. Sommarbeite framleis viktige, husvære også brukt som hytter. Mange ulike langstølsområde i Hemsedal</p>	<p>Joleimstølane, stølsgrend i open solvend lise m/aktiv støling, samanhengande innmark/beite. Ulsåk-, Løkji- og Grøtestølane, spreidde stølar i øvre kant av småkupert åslandskap Krosstølane, langstølar i stor granskog (sørsida) Sireslett – Leinstølane, stølsgrend på snau-fjellet, på sørsida, gml ferdaveg til Torpo Hydalen, stølsgrend i storforma fjeldal med vatn i dalbotn, landskapsvernområde Fjellstølane, stølsgrend på åskanten, med «mellomstølar», utsikt til snaufjell og dalen nedanfor Mørekvam – Søteli- Kljåen, frodig u-forma lågfjellsdal med stølar, beitedyr, urørt preg, gamal kyrkjeveg til Filefjell Bulien, open dal mot snaufjellet, intakt støls-område, urørt preg, beitedyr Ershovd, solvend stølsgrend med hytter, beitedyr, Kongevegen, ope mot høgfjellet, fjellovergang</p>



LANDSKAPSTYPE	UTVALD OMRÅDE
<p>HEIMSTØLAR Stølshusa låg ofte meir spreidd i ei overgangssone mellom innmark og høgfjellsbeite med langvarig hevd, artsmangfald, kulturminne. Få stølar i bruk, mange forfell. Gode beite vår og haust.</p>	<p>Fagerset-Slette- Muren-Helgeset, heimstøls- område mellom to bygder, i Uforma daldrag med vatn og stort biologisk mangfald.</p>
<p>LIAGARDAR Høgareliggjand gardar og grender i solvarme bratte lisider, på terrassehyller og blokkrik morene. Gamal busetnad, steingjerde, støtte- murar vanleg. Eldre dyrkamark blir beita i dag.</p>	<p>Eikre-Ålrust, Kongevegen m/skysstasjon Oppi Finn – Gravsetåsen, overgang liagardar-heimstølar (nedl), Finnstigen kulturstig Øvre Løkji, bygdatun m/freda bygningar Venås-Sjåheim, brattlendt trad. kulturlandskap, kongevegen intakt strekning i bratt elvdal.</p>
<p>JORDBRUK I DALBOTNEN Samanhengande bygdelag med jordbruk i U-forma dalbotnar, kring låge åsar og i lisider. Bygdesentrum og småindustri. Elvesletter oppdyrka i nyare tid, større jorder, mindre stein, meir intensiv grasproduksjon.</p>	<p>Joleimsmyrane, KULA-område Kyrkjebøen, m/kongeveg og stavkyrkjetomt Hulbakvegen- Hustad, kongevegen m/skysstasjon, lågt åslandskap m/gardar og heimstølar.</p>

1.1. Jordbruket i dalbotnen



Joleimsmyrane – eit nasjonalt viktig kulturlandskap (KULA-område)


Områdeskildring

Dette kjende jordbruksområdet mellom Ulsåk og Trøym er avgrensa av elva Hemsil i sør, og dei bratte sørhellingane til Grøtenuten, Myljojfell og Imrestinden mot nord.

Riksveg 52 mellom Gol og Lærdal går gjennom landskapet. Elvesletta med dei store løene, dei velhaldne gardane langs vegen og dei bratte fjella på alle sider, dannar ein ikonisk innfallsport til fjellbygda Hemsedal når ein kjem sørifrå.

Dei gamle hovudgardane som ligg på rekke langsmed riksvegen, viser på eit relativt avgrensa areal to vidt forskjellig jordbrukstradisjonar knytt til bruken av innmarka. Ovanfor gardane finn vi det tradisjonelle jordbrukslandskapet, der innmark med spor frå mange hundre år med jordbruksdrift og beitebruk dominerer. Her er det kartlagt stort biologisk mangfald og mange sjeldne artar.³ Beitelienene og rasmark-engene med varmekjære lauvtre som osp og alm, er svært artsrike, og dei mest interessante og sjeldne artane vil klare seg betre om det vart beita meir.

³ **Artsdatabanken.** Artskart / NIBIO



Nedanfor, på andre sida av riksvegen, ligg det moderne, høgproduktive området med veldrevne grasfôrareal. Dei tidlegare flaumutsette myr-områda er no fulldyrka eng heilt ned til elvekanten og med store løer på de fleste eigedomane.

Kulturmiljø

Området er eit såkalla KULA-område, det betyr at Riksantikvaren har sett det på lista over **kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse**. KULA er eit kunnskapsgrunnlag for planlegging, og inneber ikkje freding. Med KULA-registeret ønskjer kulturmiljøforvaltninga tidleg og tydeleg å seie ifrå om kva for landskap som har nasjonale interesser, og med dette å bidra til ei meir føreseieleg arealforvaltning.

Joleimsmyrane er eit landskap med mange spor som på ein god måte viser korleis jordbruket i fjellbygdene utvikla seg fram til midten av 1900-talet. Her finn ein mange av dei elementa som er typiske for denne jordbrukstradisjonen. Dei mange løene på den fulldyrka marka er karakteristiske landskapselement. Som følgje av den omfattande nydyrkinga på tidlegare myr i dalbotnen, er åker og eng med steingjerde og rydningsrøyser lite endra. Dei hadde nok fôr frå dyrkinga av myrane, og åkrane ovanfor gardane gjekk over til å bli beitemark. Landskapsstrukturen i heile området er difor godt bevart.

Midt på 1800-talet byrja oppdyrkinga av jord til grasproduksjon i Hemsedal. I bygdeboka frå 1914 står følgjande: «Det største jorddyrkingsarbeide i bygden endnu er fællesarbeidet i Grøto- og Joleimsmyren». Det vart dyrka 1100 dekar og anlagt ein gjennomgåande landbrukskanal for drenering og for å auke produktiviteten. Reguleringa av vassdraget rundt 1960 bidrog òg til denne utviklinga. Avlingane vart mykje større, og dei gamle tømmerløene vart erstatta med store reisverkslør. Mange av desse står framleis.

Her ligg gardane Grøte, Joleim og Imre, som alle tre er delte opp i fleire bruk. Det er kring 20 tun innanfor området. Tuna ligg på rekke på ein avsats berre nokre meter høgare enn riksvegen, og busetnaden er ei blanding av eldre og nye bygg. Dei fleste bygningane er frå 1900-talet, spesielt våningshus og driftsbygningar. Dei store driftsbygningane, som i hovudsak er i bruk, er dominerande, og mesteparten av busetnaden er knytt til jordbruksdrift.

Viktige punkt for planlegging og forvaltning

Landskapet er sårbart for nye bygg og anlegg utanom gardstuna. Det gjeld spesielt på den flate dalbotnen, men også i tidlegare åker og eng ovanfor tuna. Fortsatt jordbruk er avgjerande for å oppretthalde kvalitetane i landskapet. Dette gjeld både slått (eventuelt beite) i

dalbotnen og beite i tidlegare åker og eng på oversida av tuna. [Samarbeid om beite for å halde kulturlandskapet ope](#) er dokumentert gjennom forskning frå dette området. ⁴

Heile KULA-området er vist i kommuneplanen sin arealdel som hensynssone c) med særleg hensyn til landskap.

Viktige punkt for å ta vare på verdiane og setje rammer for arealbruken:

- Det bør stimulerast til fortsatt jordbruksdrift av heile arealet, for å hindre attgroing og sikre at området opprettheld sin særeigne karakter som jordbrukslend. Dette gjeld spesielt tidlegare åker og eng på oversida av tuna. Turrbakkeenger og andre utmarksbeiter i rasmarene opp under fjellet treng beiting, men må ikkje bli gjødsle. Nye bygg bør tilpassast den tradisjonelle busetnaden både i plassering, volum, form og materialval.
- Det er laga ein plan for istandsetting av eldre bygningar. Planen bør oppdaterast og vidareførast. Dei store løene på Joleimsmyrene er ikoniske element i landskapet og får nærmast symbolverdi, som innfallspunkt til sentrum av bygda Hemsdal. Det er viktig å ta vare på desse, og behalde utsjånaden.
- Dei må gjerne få ny funksjon, slik at bruken sikrar at bygningane blir ståande.
- Det bør takast hensyn til landskapsverdiane ved ei eventuell utbetring/utviding eller omlegging av riksveg 52.

⁴ NIBIO, «Samarbeid om beite for å halde kulturlandskapet ope», 4.4.2018.



Luu, 1900-50. Ureg. Nørdre Joleim gnr. 65, bnr 3. Foto: s. 64 Odel-rapporten 2020.



Ei av dei mange løene på Joleimsmyrane som vart dyrka opp då dei klarte å kanalisere elva, og bygge flaumvoll. Gardane ligg litt høgare, og med hamnehagar og utslåttar og beitemark med artsrike turrbakkeenger med mange raudlista artar. Dei karakteristiske løene er eit kjennemerke for Hemsdal. Foto: Hemsdal kommune/Hanne Lykkja.

Kyrkjebøen og Stupulhaugen


Områdeskildring

Kyrkjebøgardane kring den gamle stavkyrkjetufta ligg i ein liten sidedal mellom Stupulhaugen og fjellsida, litt høgare i terrenget enn dagens kommunesenter Trøym. Trøymsåne kastar seg bratt utover med mange mindre fossar og stryk ned frå juvet og vidare i ein smal elvedal ned mot Trøym. Jorda er oppdyrka som eit samanhengande teppe mellom gardane, som ligg fint til med utsikt over hovuddalføret, i dag godt skjerma frå trafikken på hovudvegen.

Kulturmiljø

Dei gamle namna i området vitnar om busetnad langt tilbake i tid. Vi har med ein sagastad å gjere, namna Holde (Hollvin), Finset, Haug, Skadvin (Skóðvinjar, Skadengarden), Trøym og Skeie tyder på det.


Kongevegen går rett forbi den gamle kyrkjetufta, der stavkyrkja kalla Skadvinarkyrkja stod, fram til den vart riven i 1882. Då stod den nye kyrkja ferdig på Skeie (bruk under Trøym), litt lenger sør. Kyrkjebøen fekk namnet sitt etter at kyrkja vart sett opp. Namnet Stupulhaugen kan tyde på at stupulen stod såpass høgt for at klokkeklangen skulle bera langt, men det er ikkje funne spor etter han.



Viktige punkt for planlegging og forvaltning

Den vesle grenda er populært turområde for dei som bur i og kring Trøym sentrum. Og sjølv om stavkyrkja er borte, så er kvalitetane i det historiske landskapet med på å synleggjere den historisk djupna som Hemsedal har. Bildepara viser at området kring stavkyrkjetufta ikkje har endra seg mykje dei siste 80-90 åra (foto frå 1940 og 2018). Sjølv om det store grustaket no er synleg frå mange andre stader i bygda, ser ein det ikkje frå Kyrkjebøen og Stupulhaugen.

Kongevegen er ein fin og lite trafikkert veg for skuleungar og som nærturområde. Hoppbakken på Stupulhaugen er oppattbygd for nokre år sidan. Dersom ein vil løfte fram kvalitetane i landskapet og forankre Hemsedal si historie, kan ein leggje endå betre til rette og informere meir om historia og tilhøva for å ferdast langsmed Kongevegen, langs elva og på gode stigar der ein ynskjer å leggje til rette for ferdsel.



*Bilder av gamlekyrkja, oversiktsbilde, Det einaste fotografiet vi kjenner av Skóðvinjar kirkja (Skadvinkyrkja) - stavkyrkja som stod på det som no heiter Kyrkjebøen. Kyrkjebøen med Stupulhaugen, Trøym i Hemsedal.
Foto: Torbjørn Arnesen Trageton, 14. mai 1884*



Utsikt over Kyrkjebøen og Stupulhaugen mot Trøym. Sandra Nygaard. 2018.



Torbjørn A. Trageton, 14.mai 1874 (Wikipedia, Hemsedal stavkirke)



Det er ca. 80 år mellom disse to bilda. Foto: Sandra Nygaard.2018.

Hulbakvegen og landskapet kring Hustadberget


Områdeskildring

Området er ein liten sidedal som ligg på nordsida og litt høgare i terrenget enn hovuddalføret. Grenda ligg i solhellinga innunder Synarsvaet, godt skjerma frå vinden i hovuddalføret av det låge høgdedraget som strekker seg opp mot Hustadberget og Høllekølten. Kongevegen går på nordsida av Høllekølten, og ned mot Tuv. Her finn vi eit gammalt jordbrukslandskap med fleire rydningsrøyser og steingjerde frå langt tilbake, kanskje tusen år.⁵ Bekkane som kjem ned frå fjellet er mykje gøymde i kløfter og søkk. Her er ei aktiv landbruksbygd med opne engar, slåttemark og beitemark, og ovanfor dei er rasmarker og sørvendte berg, alle med stort biologisk mangfald. Lauvskog og hamnehagar på grunnlendte og steinute haugar og moreneryggar delar grenda opp i mange smårom.

Kulturmiljø

Gardane har tettbygde tun, dei fleste tuna med tydeleg tunstruktur og eitt eller to tradisjonelle hus frå 17- og 1800-talet, mange av dei er haldne godt vedlike. Slåttemarka er omkransa av mange typar hagemarkskog og beitemark med stort biologisk mangfald. Det står ei restaurert bekkemølle ved Hustad. Spor frå tidlegare tiders

⁵ Dei eldste gardane i Hemsedal er liagardane som ligg litt høgare. Td. Bygdaturnet som går tilbake til folkevandringstida (400-600 e.vt.) Hemsedal Bygdetun (Village Farm/Museum)



landbruk som rydningsrøyser og steingjerde er tekne vare på og er godt synlege. Det same gjeld for heimstølane til Hulbak og Finset. Oppi lia her er det og registrert spor etter 27 gamle løer.

Kongevegen går gjennom området, og er fin å gå eller sykle på, med mange intakte strekningar og område utan skjemmande inngrep. Hustadbekken har ei restaurert bekkvern, denne kan du lese om langsmed kongevegen. Øvre Tuv og Fausko var skysstasjonar, og Fausko har lang historie som vertskap og møtestad mellom reisande og bygdefolk fram til i dag.

Området har fleire historiske møteplassar for leik og moro, her er registrert tre danseplassar og to hoppbakkar. Stigane gjennom bygda og til heimstølane og fjellet er tekne vare på og Synarsvaet er også godt tilrettelagt for vandring som ein kulturstig. Mange av dei som brukar skianlegget, leiger hus og hytter i denne grenda, og det er også ein campingplass her.

Viktige punkt for planlegging og forvaltning

Om ein ynskjer å bevare det heilskaplege landbrukspreget bør nye bygningar, tilbygg og påbygg og andre tiltak tilpassast landskapet, det eksisterande kulturmiljøet og det arkitektoniske hovuduttrykket miljøet har. Det nye fjøset på Finnset er døme på god plassering. Hyttene frå 70-talet og dei nye bustadhusa ligg spreidd og er godt tilpassa landskapet, slik dei godt kunne vore bygde/plasserte i tidlegare tider. På tun med bevaringsverdige bygningar bør nye hus, tilbygg/påbygg og andre tiltak underordne seg og tilpasse seg tunstrukturen og dei bevaringsverdige bygga med hensyn til plassering, volum, form, fasadeutforming, materialbruk og fargar. Kvalitetane i landskapet kan berre oppretthaldast gjennom bruk og aktiv skjøtsel, difor er tradisjonell, allsidig jordbruksdrift den beste måten å ta vare på kulturmiljøet på. Eldre driftsformer som slåttemark og beite kring gardstuna, i liene og på stølane bidreg til stort biologisk mangfald og høve for mange ulike opplevingar i nærmiljøet. Ein bør fremje tiltak som styrkar aktiv jordbruksdrift og samstundes held vedlike det velskjøtta, småskala jordbrukspreget. Heimstølane er veglause, og det er vanskeleg å koma til med moderne hjelpemiddel. Det er viktig med tiltak som lettar skjøtsel og bruk.



Loftstugu, 1775 – 1799. Nordre Finnset. Foto: Hemsedal kommune, 2020



Finnset sett mot øst. Foto: Hemsedal kommune, 2020

1.2 Liagardane



Liagardar er høgareliggjande gardar som gjerne ligg i eit belte oppi lisdene, mindre frostutsett enn nede i dalbotnen og ofte på god morenejord (sidemorener). Dei eldste klyngetuna på Ulsåk låg lenger opp enn dei gjer i dag. Ålrust og Eikre ligg endå høgare. Foto: Kia Simonsen

Bygdatunet, Øvre Løkji


Områdeskildring

Hemsedal Bygdatun finn du eit godt stykkje opp i dalsida i Ulsåk, med eit fantastisk utsyn til Hydnefossen på andre sida av dalen, og til det kjende kulturlandskapet med gardane langsmed Joleimsmyrane nordover mot Ulsåk. Bygdatunet Øvre Løkji er ein av dei eldste gardane i Hemsedal, med røter som går tilbake til eldre jernalder. Kulturlandskapet kring garden har stått nesten uendra gjennom hundreår.

Ein grusveg går bratt opp frå parkeringsplassen nede ved vegen. Frå tunet kan du følgje den historiske stølsvegen opp til Skogshorn, som mellom anna fører til Geiteberget, Storhøvda og Skurvefjell. Det er gjort eit stort dugnadsarbeid dei siste åra med å rydde frem Finnstigen, som går på oversida av Bygdatunet og langs med fjellet over gardane. Her er det rydda fram hustuffer og slåtter. Stigen går vidare forbi tuftene av fleire heimstølar før den kjem inn på gamle Lykkjevegen som går til Gravset og vidare til Lykkja.

Kulturmiljø

Øvre Løkji vart kjøpt av Hemsedal kommune i 1956, og tanken var at dette skulle vere ein stad der bygdafolk kunne oppleve korleis det var på gardane i Hemsedal i eldre tid. Tunet er aller viktigast for innbyggjarane i kommunen, og då er det ekstra stas at fagfolk reknar staden som eit av dei finaste bygdemusea i Buskerud. Drifta av bygdatunet står Hallingdal Museum/Buskerudmuseet for, etter avtale med kommunen.



Løkji var ein stor gard, og han vart delt kring 1730. Halvparten av husa (og andre høgda av det store loftet) vart flytta ned til ein gard på nedsida av hovudvegen. Tunet består av historiske bygningar som stugu, stolphus, låve, fjøs, stall og smie, bygningane er sett opp mellom 1642 og 1876. Litt ovanfor ligg smia, og her er det også sett opp att ei badstugu, forløe og ei lita stølsbu, samla frå andre stader i Hemsedal. Det er også ein tjyruhjall her. Bygningar og gjenstandar gir eit godt bilete på korleis det var på ein gard i Hemsedal frå 1700-talet, og opp mot vår tid.

Fine steingjerde og rydningsrøyser fortel om det slitet folk har hatt med å rydde dyrkamark i dei bratte bakkane. Skogen har ete seg innpå dyrkamarka gjennom fleire tiår, men restaurering, skjøtsel og beite er i ferd med å opne innmarka att. Beiting og anna skjøtsel bør halde fram, og i dei tørraste bakkane bør det ikkje tilførast gjødsel då det er her artsmangfaldet er størst. Kanskje er det ein bit av Kongevegen som er synleg frå grusvegen og vidare nordover forbi badstugu gjennom det som i dag er turrbakkeenger med artsrik beitemark.

Viktige punkt for planlegging og forvaltning

- 1) Eit par av husa er eldre enn 1650 og dermed freda.**⁶ Heile tunet er godt sikra og forvalta i samarbeid med Hallingdal museum. Både Hemsedal kommune som eigar og Halling-dal museum som drivar, legg stor vekt på fagleg god restaurering og vern gjennom bruk.
- 2) Formidling er del av verneformålet:** Det er ynskjeleg å bygge meir kunnskap og kompetanse og ta vare på bygningar og gjenstandar gjennom kurs i restaurering ved bruka av gamle teknikkar.
- 3) Området er ein kulturattraksjon.** Det er eit mål å bygge opp tilbod som skapar gode møteplassar mellom bygdefolk og andre besøkande. God besøksforvaltning krev god formidling og at forvaltningstiltak skjer i godt og nært samarbeid med grunneigarar, grannar og frivillige. Det er viktig å legge til rette for ferdsel slik at ein tek omsyn til landbruksdrifta og skapar gode forhold for beitedyr i og inntil området. God informasjon og praktiske løysingar for gjerde og grinder skal sikrar lett tilgjenge og gode opplevingar for besøkande, samstundes som drift og vedlikehald blir enklare for dei skjøttar kulturlandskapet.

⁶ **Kulturminnelova** / Riksantikvaren om automatisk freding av ståande bygg før 1650

- 4) **Nye bygningar og anlegg:** Eventuelle nye bygningar, tilbygg/påbygg og andre tiltak i og inntil det gamle tunet og kulturlandskapet kring bør underordne seg og tilpasse seg dei bevaringsverdige bygga og kulturmiljøet med omsyn til plassering, volum, form, fasadeutforming, materialbruk og fargar.
- 5) **Viktige landskapselement** som er viktig for opplevinga av miljøet, for eksempel markante tre i hamnehagen og langsmed den gamle kjerrevegen, restane av kongevegen, stigane vidare oppover i lia, steingjerde og rydningsrøyser i området, bør så langt det lar seg gjere bevarast. Nye tiltak bør underordne seg viktige landskapstrekk og tilpassast terrenget utan for store inngrep. Før ein gjev løyve til nye tiltak, bør det dokumenterast at ein tek omsyn til fjernverknad og tilpassar tiltaket til kulturlandskapet.



Stabbur, 1647, Freda kulturminne Øvre Løkji. Foto Hemsedal kommune, 2020.



Låve, 1643. Freda kulturminne. Øvre Løkji. Foto frå Hemsedal kommune. 2020



Over: Illustrasjon v/Martine Solstad Larsen. Hemsedal Bygdatun, Øvre Løkji.

Lio til Venås, Sjøheim og Sletthaug

Området Lio-Venås- Sjøheim-Sletthaug heng saman og bør sjåast som eitt område. Skildringa grunnjev kvifor det er behov for noko ulike tiltak i dei to grendene.


Lio-Venås

Områdeskildring

På strekninga av kongeveggen som går mellom Lio og Venås går noko av det mest velskjøtta og opplevingsrike gamle beite- og slåttelandskapet Hemsedal kan vise til. Det er dramatisk bratt ned til elva, som vekslar mellom små stryk, fossefall og fin kulpar og bakevjer. Bekkekløfter og bergveggar har stort biologisk mangfald. Elvesjoet blir noko dempa av den skogkledd lia på sørsida. På nordsida skapar det opne kulturlandskapet likevel eit venleg og intimt landskapsrom, med stor utsikt nedetter mot hovuddalføret.

Kulturmiljø

Kongeveggen framstår her autentisk og i relativt god stand, med svært godt utforma steinmurar og avanserte stikkrenner. Her er vegen einaste ferdselsåre for å koma til beiter og dyrka mark, hytter, gamle plassar og gardar som ligg langs vegen. Artsrike og særprega turrbakkar med slåttenger, beite, rydningsrøyser, steingjerde og andre gjerdetypar bind saman plassar/småbruk, mindre hytter og gardane. Kalkkrevjande raudlista artar, typisk for beite-/slåttemarka



er funne her. Kongevegen gjekk midt gjennom tunet på Venås, no er vegen lagt utanom. Det er skilta for å freiste å styre vandrarar og syklistar som går langs kongevegen.

Viktige punkt for planlegging og forvaltning

- **Viktig med forsiktig bruk av kongevegen**, sidan den er i bruk som gardsveg og landbruksveg til eigedomane, med kjørety, særst viktig å sørge for at stikkrennene ikkje tettast seg. Noko frostsprengd stein frå vegmurane og nokre av stabbesteinane ligg nedpå jordet.
- **Nye bygg og anlegg:** Eventuelle nye bygningar, tilbygg/påbygg og andre tiltak i og inntil dei gamle tuna og kulturlandskapet kring bør underordne seg og tilpasse seg dei bevaringsverdige bygga og kulturmiljøet med omsyn til plassering, volum, form, fasadeutforming, materialbruk og fargar. Nye tiltak bør underordne seg viktige landskapstrekk og tilpassast terrenget utan for store inngrep. Før ein gjev løyve til nye tiltak, bør det dokumenterast at ein tek omsyn og tilpassar tiltaket til kulturlandskapet.
- **Landskapselement** som er viktig for opplevinga av miljøet: Artsrike og særprega turrakkar med slåttenger, beite, rydningsrøyser, steingjerde og andre gjerdetypar. Gamle hus og små tun, klyngetun. Kongevegen har fine murverk og ligg fint i landskapet midt i lia. Dei gamle strukturane bør restaurerast og bevarast så langt det lar seg gjere.

Området med kongevegen er lett tilgjengeleg og ein kulturattraksjon. Det er viktig å legge til rette for ferdsel slik at ein tek omsyn til landbruksdrifta og skapar gode forhold for beitedyr i og inntil området. God informasjon og praktiske løysingar for gjerde og grunder kan sikrar lett tilgjenge og gode opplevingar for besøkande, samstundes som drift og vedlikehald blir enklare for dei som skjøttar kulturlandskapet. Vandrarar og syklistar som ikkje let at grindene eller folk som ikkje har kontroll på hundane sine, kan fort bli ei belastning for dei som har beitedyr og driv gardane her. God besøksforvaltning krev god formidling og at forvaltningstiltak skjer i godt og nært samarbeid med grunneigarar, grannar og frivillige. Det er sett ut ein fin benk og skilt langsmed vegen på toppen av bakken.

Sjåheim – Sletthaug

Områdeskildring

Sør for Venås opnar dalen seg opp, og nordsida dannar ei open, skålforma varmeli som stig jamt opp mot åsen. Skinnfellgarden ligg i overgangen mellom Venås og Sjåheim, og kan slik takast med å båe landskapsområda, dersom ein vel å dele dei opp, eller berre ta med det eine området. Frå brua ligg ei lengre strekning av kongevegen under RV52 nedetter mot Tuv. Langsmed vegen finn vi nyare busetnad og området er også regulert for meir bustadbygging.

Kulturmiljø

Her der vi finn fleire markante gardstun der bygningane ligg godt samla, med mange eldre hus og eit rikt kulturlandskap rundt. Området har slik sett mange av dei same kultur-landskapskvalitetane som i Venås, men det er større gardar, opnare og slakare ller som strekker seg langt oppover med meir skog og noko mindre beitepreg enn Venås-Lio-området. No er det nok mindre beitedyr her, og hamnehagane og skogsliene er i ferd med å gro noko att.

Viktige punkt for planlegging og forvaltning

Området har høge kulturlandskapskvalitetar, men har færre kulturlandskapselement som t.d. Kongevegen. Viktig å oppretthalde samla tunstruktur med slåttemark, kulturmark og beiter. Men dei mange mindre landskapsrommene gjer at det er mange gode kvalitetar som kan takast vare på utan å ha så strenge formkrav som for området Venås – Lio.



Sletten. Ill Stein Davidsen



Hallingstugu, 1850-1847, Sjåheim. Foto: Hemsedal kommune


Ålrust til Eikre

Områdeskildring

Langs Øvrevegen frå Ulsåk til Gol, finn vi fine, veldrevne liagardar med store samanhengande areal med grasproduksjon på god morenejord. Fleire store jorde i litt skrånande og meir myrlendt terreng er nok av nyare dato. Når ein kjem frå Golsfjellet og bikkar kanten rett synnom Eikre, opnar dalen seg med god utsikt oppover mot Hemsedalsfjella. Det er nok eit syn som har gjort inntrykk på ferdande folk gjennom lange tider. Her er vi på nytt inne på kongevegen. Rett nord for området, ovom ein skogkrull, finn vi også Huso som ligg noko for seg sjølv og der dei har samla mange gamle bygningar og bygd opp eit større reiselivsbygg. Her er også regulert til hytteområde. Området er ikkje synleg langsetter vegen, og har anna preg enn det samanhengande landbrukslandskapet langs kongevegen. Grensa er difor trekt nedanfor Huso.

Kulturmiljø

Øvrevegen følgjer her kongevegen på nytt, og delar av den ligg under nyvegen. Her finn vi den tredje av skysstasjonane langs kongevegen i Hemsedal. Både Eikre og Ålrust hadde skysstasjon. Ferdelsvegane gjekk også på tvers av dalføret, og det var nok noko ferdsel til fjells og over til Valdres denne vegen. Mange av gardane har typisk utforming som liagardar, klyngetun der det er plass nok, og elles meir rekketunform.



Det er også her knytt stort naturmangfold til kultur- og skjøtselsbetinga drift opp gjennom åra. Spesielt er det funne mange artar i vegkantane, tillegg til område kring bustader og driftsbygningar.

Viktige punkt for planlegging og forvaltning

Det viktigaste for å oppretthalde det opne og frodige kulturlandskapspreget langsmed vegen forbi desse typiske liagardane, er å bidra til fortsatt drift av gardane, slått av marka og ivaretaking av dei mange gamle bygningane som endå står langsmed vegen. Viktig å oppretthalde tunstruktur med slåttemark, kulturmarka og beiter. Området toler godt fleire bustadhus og bygningar så lenge dei innordnar seg landskapet og bygningane får tilpassa material og fargebruk.



Loft, bu og badstugu datert til 1775–1824, Søre Eikre. Foto: Hemsdal kommune



Løft, 1775–1799. Nørdre Eikre. Foto: Hemedal kommune

Markegard, Ålstveit, Finn og Gravsetåsen


Områdeskildring

Sørover(austover) frå Løken ligg liagardane Halbjørhus, Intelhus, Grøv , Ålstveit og Markegård på rekke rad i solhellinga. Dette er gardar av høg alder. Gardane har gode vekstforhold for gras og korn og ligg såpass høgt at dei er mindre utsett for frost. På oversida av gardane ligg Gravsetåsen. Det er ein bratt ås med gode vekstforhold. Uppå Finn, oppe i åsen, låg dei småe heimstølane og nokre slåtteteiga. Her går Finnstigen. Dei fleste heimstølane ligg langs stigen, men nokre ligg litt til sides. Markegardsgrenda sine heimstølar ligg lenger sør og i snillare terreng. Grøv har sine heimstølar endå lengre aust, i Gravset.

Kulturmiljø

Når desse stølane vart tatt i bruk veit me ikkje sikkert, men dei hadde vore i bruk i fleire hundre år før dei vart lagt ned utover på 1900 talet. Åsen opp for Intelhus, Grøv og Ålstveit med Resabakko og Rundtop er svært bratt. Stølane ligg langs ei hylle oppe i åsen, men det er slitsamt å koma opp dit. Dei 4 stølane opp for Ålstveitgrenda vart kalla “ Uppå Finn”. Namnet Finn har truleg samanheng med gamalnorsk finn , som tyder villmark, lite tilgjengeleg strøk.

Bruken av heimstølane var nødvendig for å ha gode beiter før og etter ein var på langstølen. Ein måtte ta i bruk dei områda som var moglege å nytte, og det seier noko om kor viktig beitegraset vår og



sommar var for landbruket i tidlegare tider. Det er vanskeleg å sjå før seg alt slitet med t.d. stølinga oppå Finn. Det er mykje landbrukshistorie og kulturhistorie som ligg i dette området langs Finnstigen.

Viktige punkt for planlegging og forvaltning

Det viktigaste for å oppretthalde det opne og frodige kulturlandskapspreget langsmed vegen forbi desse typiske liagardane, er å bidra til fortsatt drift av gardane, slått av marka og ivaretaking av dei mange gamle bygningane som endå står langsmed vegen. Viktig å oppretthalde tunstruktur med slåttemark, kulturmarka og beiter. Området toler godt fleire bustadhus og bygningar så lenge dei innordnar seg landskapet og bygningane får tilpassa material og fargebruk.

Ved rydding av Finnstigen no i det siste er det funne tufter og restar etter i alt 13 stølar og 4 slåtter. Eit par av heimstølane, Halle og Nasabøle, i Markegåreiga var store. Der har det ganske sikkert budd fastbuande der fram til midt på 1800 talet. Då måtte gardane finne



neste side: Finnsetstigen. Foto: Sebjørg Jordheim



Over
og

1.2. Heimstølane



Hulbakstølen. Foto: Hemsedal kommune/Hanne Lykkja

Fagerset- Slette -Teigavollen-Muren


Områdeskildring

Det er i grunn få heimstømråde i Hemsedal, og kulturmiljøplanen freistar å fange opp både typiske særprega kulturmiljø som til saman gjev eit godt bilde av fjellandbruket som har forma landskapet i bygda. Forutan dei to heimstølane som høyrer til Hulbak.

Heimstølsområdet Fagerset- Slette -Teigavollen- Muren – Helgeset var viktig for gardane kring Tuv. Det spesielle med dette heimstølsbeltet er at når ein køyrer vidare innover dalen, så kjem ein til ei ny grend med store gardsbruk i Grøndalen. Det er også spesielt med eit såpass stort vatn som Fagersetvatnet nede i dalbotnen. Her er det store myrområde med rikt fugle- og planteliv, fangstanlegg for elg, kolgroper og frå nyare tid også kvednahus og elektrisitetsproduksjon i Brekkefossen.

Kulturmiljø

Fausko er ein av dei store gardane i Hemsedal, og saman med fem-seks mindre bruk som låg under dei, hadde dei alle beiterettar og stølsrettar i området, som er brukt intensivt i eit par hundre år. Fausko har fire-fem stølar, der heimstølen på Muren vart brukt tidleg vår og sein haust. Frå Muren flytte dei til Hydalen eller Vabuleino (to stølar som dei gjerne bytte på å bruke annakvart år), så vidare til Fjellstølen og så ned att til Muren på hausten. Det er gode beiteforhold i dalen, både på våren og seint på hausten.



Viktige punkt for planlegging og forvaltning

Dersom ein vil halde på stølspreget og opplevinga av heimstølane langsmed vegane, er det viktig å halde beiteområde og stølsjorde opne og i hevd. Stølane bør få liggje utan nye hytter heilt innpå. Det bør vere ein diskusjon om kor mange fleire hytter og kva slags utbygging og tilrettelegging dette området klarar å absorbere, før ein mister støls- og beite-preget.

Miljøet kring Fagersetvatnet har stort biologisk mangfald. Dette er eit som mange ynskjer å bruke som turområde, og med utbygging på TUV er dette nærturområde å kalle. Stor auke i ferdsel og trafikk vil fort kunne dominere og bryte med det smålåtne heimstølspreget landskapet endå har.



Fagersetstølane. Foto: Kjetil Tuv

1.3 Langstølane




Ershovd til Storeskar

Områdeskildring

Ershovdstølane og dei andre langstølane som høyrer til Lio-, Venås- og Sjøheimgardane, ligg på solsida i ein open vestvend fjelldal med avrunda nøsakampar kring. Her går kongeveggen gjennom heile stølsgrenda, før den på nytt hamnar under RV52, den nye hovudvegen til Bergen. I den breie, flate dalbotnen svingar Mørkedøla seg att og fram, og lagar boge-forma myrsjøar før ho renn vidare ut i Storeskarvatnet, der ho dannar eit fint delta. Dette er eit rikt fugleområde. Områdegrensa følgjer riksvegen slik at ein får med strandlina på både sider og så vidare opp i lia ovanfor stølsgrenda. Her kan ein sjå gamle strandliner avsette under smeltinga etter siste istid. Det er mykje rennande vatn og få innsjøar i dalane i Hemsedal. Hydalen er eit anna langstølområde, men med eit heilt anna og storskore høgfjellspreg.

Kulturmiljø

Stølane her ligg fint til i solsida, og ein av dei er framleis i drift med kyr som brukar virtuelle gjerdssystem. Området har gode fjellbeite. Og når det er turre somrar finn dyra mykje mat i en vassrike dalbotnen. Tidlegare låg fleire av stølane høgare opp i lia, dei vart med tida flytta ned til kongeveggen. Ershovd ligg svært fint til langsmed elva og vatnet, og er godt synleg for alle dei som følgjer hovudvegen over fjellet til Vestlandet. Ein del hytter av både nyare og eldre dato ligg innimellom stølane, og dannar ei lita grend. Også



eldre stølsbuer er omgjorte til hytter, men dei føyer seg fint inn. Dei fleste bygningane følgjer same plassering og byggjeskikken. Både natur-base og artskart syner at det er mykje viktig naturmangfald i dette området, og det meste er knytt til skjøtselsbetinga aktivitet frå stølsdrift gjennom lang tid. Det er då flest naturbeite-marker, men også boreal hei. Attgroing er ein trussel for desse kulturbetinga artane.

Viktige punkt for planlegging og forvaltning

Dersom ein vil halde på litt av stølspreget og opplevinga av stølslandskapet langsmed kongevegen, er det viktig å halde beiteområde og stølsjorde opne og i hevd. Stølane bør få liggje utan nye hytter heilt innpå.

Det bør vere ein diskusjon om kor mange fleire hytter og kva slags utbygging dette området klarar å absorbere, før ein mister støl- og beitepreget. Kongevegen vil vere med og stille krav til tilpassing og utsjånad for nye bygg. Det same gjeld den smålåtne byggeskikken her. Dette er eit område der alle inngrep som vegar, fyllingar, skjæringar, store vindusflater og flate tak syner og større inngrep vil fort kunne dominere og bryte med stølspreget landskapet endå har.



Ershovd, T.h: Frå Sjøstadstølen mot Ershovdvatnet. T.v: På kongevegen forbi Liastølane. Foto: Hemsedal kommune v/Hanne Lykkja



Ershovdstølen: Den nedste og grøvsste furustokken i stølsbua (over halvmetere brei) fekk vekse i fred frå Svartedauden til innpå 1500-talet. Då var det på ny såpass mange folk i Hemsedal at dei trengde å ta fjellbeitene i bruk for å få mat nok til folk og fe. Foto: Hemsedal kommune/Hanne Lykkja

Bulien


Områdeskildring

Bulidalen er ein stølsdal som ligg mellom Mørkedalen og Mørkqvamdalen og inn mot grensa til Lærdal og nokon av dei fjellområda som har mest urørt preg i Hemsedal. Det er viktig sommararbeite for både småfe, storfe og reindrifta. Inste delen av Bulidalen er framleis snaufjell eller så godt som skoglaus. Også Bubotn nord for Bulidalen er eit viktig kulturmiljø der det syner spor etter tidlegare tiders veidekultur. Bubott-åne har lagt opp mykje stein i elfefaret, og kan vere ganske stri og vanskeleg å va over. I den flate dalbotnen møter den Buli-åne, og sidan svingar elva seg rolegare og legg opp småstein og sandbankar mellom eskerar og moreneryggar nedetter dalen. Vegen går langsmed elva, som dermed pregar opplevinga av dalen for vegfarande.

Kulturmiljø

Det mest karakteristiske og særprega stølsområdet ligg lengst inn i dalen, så langt vegen går. Her er det eit ope, skoglaust og beiteprega stølslandskap. Området er såpass lite tilrettelagt og vanskeleg tilgjengeleg at beitedyra får gå i fred.

Det som pregar kulturmiljøet inst i Bulien, er at her er dei fleste husa små, har naturfarger, småruta glas, preg som gamle stølshus og det er lite bruk av utelys. Det er ingen bygg på andre sida av Bubott-åne. Det er få bygningar i dalbotnen og berre ein støl på andre sia av Buli-åne. Dei fleste bygningar følgjer



tradisjonell byggjeskikk også når det gjeld fasade, småruta glas osv. Det er fleire stølar og hytter nærmare hovuddalføre, men her er det meir variasjon når det gjeld byggjeskikk og bygnings-struktur. Det opne og snaue landskapet, gjer det sårbart for påverknadar. Ei hytte, eller eit sel med store glas heilt ned, kan fort kome til å prege heile landskapskarakteren - sjølv om bygget elles følgjer takvinkel og har fargar og byggematerialar som dei andre bygningane.

Viktige punkt for planlegging og forvaltning

Mange av dei som deltok på grendemøta våren 2025 opplevde området som ganske urørt og autentisk, og framheva at dette var kvalitetar som det er viktig å ta vare på. Dette er også påpeika av grunneigarar i andre samanhengar. Landskapet er ope og oversiktleg, og framstår som ganske autentisk og lite påverka av nyare tids hyttebygging. Det skal godt gjerast å plassere fleire nye hus her, eller setje inn fleire store glas, før landskapskarakteren blir endra.

Dersom ein ynskjer å ta vare på dette særpreget stølsområdet, blir det viktig å setje strenge formkrav til smålåtne hus med saltak, som er godt innpassa i landskapet, tradisjonelt utforma og med små vindauge og småruta glas. Samstundes er det viktig å halde ferdselen nede slik at beiteressursane kan nyttast godt for bufe og reindrift. Tilrettelegging med klopper, bruer eller parkeringsplassar bør leggjast lenger nede i dalen, der det alt er fleire store hytter og fleire naturinngrep.



Bulien. Foto: Hemsedal kommune v/Hanne Lykkja



Mørekvam – Søteli - Kjlåen


Denne lågfjellalden har eit typisk U-dalsform, med flat dalbotn der ei elv meandrerer og bratte dalsider med fossar og stup.

Lågfjellsalden har eit urørt preg, og ganske mykje skog, og den er i ferd med å gro att. Her er lite trafikk, då det ikkje går veg lenger enn til stølane. Området er eit svært viktig fjellbeite for stølslaga Søteli og Mørekvam. Her er det storfebeite, sommarbeite for tamrein, og sameigene ynskje å behalde det urørte preget.

Kulturmiljø

Stølsområdet ligg lengst inn i dalen, så langt vegen går. Her er det eit ope, skoglaust og beiteprega stølslandskap. Området er såpass lite tilrettelagt og vanskeleg tilgjengeleg at beitedyra får gå i fred.

Stølsbruken gjekk lenger i eldre tider, det står murar og steingjerde fleire stader. Den gamle kyrkjevegen over fjellet til St. Thomaskyrkja på Filefjell gjekk her og vidare opp i kyrkjeskaret, som ligg heilt på grensa til Vang kommune. Der var det lett å gå den tida det låg ei snøfonn i kyrkjeporten, no er det storsteina ur her og mest umogleg å koma fram. Det er få bygningar i dalbotnen og berre ein støl på andre sia av. Dei fleste bygningar følgjer tradisjonell byggjeskikk også når det gjeld fasade, småruta glas osv. Det er fleire stølar og hytter nærmare hovuddalføre, men her er det meir variasjon når det gjeld byggjeskikk og bygnings-struktur, med nokre større hytter.



Viktige punkt for planlegging og forvaltning

Mange av dei som deltok på grendemøta våren 2025 opplevde området som ganske urørt og autentisk, og framheva at dette var kvalitetar som det er viktig å ta vare på. Området er såpass lite tilrettelagt og vanskeleg tilgjengeleg at beitedyra får gå i fred. Dette er også påpeika av grunneigarar i andre samanhengar. Ved Klanten endrar dalen karakter og opnar seg mot fjellet og store myrområde. Det opne og snaue landskapet gjer det sårbart for påverknadar. Dersom ein ynskjer å ta vare på dette særpreget stølsområdet, blir det viktig å setje strenge formkrav til smålåtne hus med saltak, som er godt innpassa i landskapet, tradisjonelt utforma. Samstundes er det viktig å halde ferdseilen nede slik at beiteressursane kan nyttast godt for bufe og reindrift. Tilrettelegging med klopper, bruer eller parkeringsplassar bør leggast lenger nede i dalen, der det alt er fleire store hytter og fleire naturinngrep.




Beitedyr i Søteli- området. Foto: Karin Vøllo

Hydalen

Områdeskildring

Hydalen er ein gamal stølsdal nordaust i Hemsedal, på grensa mot Innlandet. Landskapsvernområdet dekker dalbotnen med vatn og vassdrag, stølsområda og fjellsidene opp til 1800 moh. ⁷Dette er ein aust-norsk stølsdal med et stor slått naturlandskap som har uvanleg fin veksling i topografi og planteliv, og med eit karakteristisk kulturlandskap. Stølsområda har naturbeitemark med kravfulle kulturmarksartar. Dalen er ein av få stølsdaler utan store tekniske inngrep som gjennomgåande veg, vassdragsutbygging eller turistanlegg.



Kulturmiljø

Her er mange lokalitetar både med naturbeitemark og slåttemark. I høgfjellet finn vi snøleier og kalkrik rasmærkei og graseng. Hydalen er også eit område med stor tidsdjupn, i jernalder og mellomalder har det vore mykje utvinning av jern og i nyare tid er det tatt ut skifer. Det er også segna om Hydalskallen som er med og gjev dalen ein dåm frå tidlegare tiders harde levekår. Alt dette kan gje grunnlag for opplevingsturisme for dei som er interesserte i å lære om gamle dagar.

⁷ Lovdata, Forskrift om vern av [Hydalen landskapsvernområde](#) i Hemsedal kommune, Buskerud (FOR-1989-02-24-124).



Sør-Hydalen mot Hydalsberget, Trongebytte og Ranastongnøse. Foto: Hemsedal kommune v/Hanne Lykkja

Viktige punkt for planlegging og forvaltning

Gjeldande arealplan omtalar Hydalen Landskapsvernområde saman med Holstein/ Fjellstølane Naturvernområde som viktige verna og bandlagde område i fjellregion utan mange synlege inngrep. Det er likevel viktig at ein held fram med å verne om fjellandskapet med ei fornuftig og omsynsfull forvaltning, der vidare inngrep gjennom hyttebygging og andre tiltak er uheldig. Viktig å skjømte kulturlandskapet og fortsette med beite. Føremålet med landskapsvernområdet er å ta vare på eit aust-norsk seterdalføre med eit stor slått naturlandskap som har uvanleg fin veksling i topografi og planteliv; og å ta vare på eit karakteristisk kulturlandskap.

Landskapskarakteren og verneverdiane er truga av attgroing på stølsvollane og omkringliggjande beiteskog. Hydalen landskapsvernområde (LVO) må vernast i tråd med verneformålet, dvs. beitedyr skal ha prioritet i området. Stølsområda har årleg skjømtsel med beiting, rydding og hogst.

Fausko har langstøl også i Hydalen, og skifta på å bruke denne og stølen på Vabuleino. Hulbakstølen var lenge i bruk som geitstøl.

Forvaltningsmynde er Statsforvaltaren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus. Det er utarbeidd skjømstelsplan med nærare retningsliner for gjennomføring av skjømsteltiltak, og med utdjuping og konkretisering av verneforskrifta og forvaltninga av området. Forvaltning- og skjømstelsplan er ikkje vedteken (mars 2026).



Hydalen. T.v. Foto: H Lykkja. Støling på 60-talet med mjølkekyr og geiter, levering av mjølk og ysting på stølen. Foto: Inger Hulbak


Fjellstølan

Områdeskildring

Fjellstølane er langstølar for fleire gardar på Tuv. Det heilskaplege stølsområdet ligg 1000 meter over havet, på åskanten nedunder Fjellstølkanten med stor slått utsikt over Grøndalen, vestover mot Bulien og nordover mot Mørekvam og Filefjell. Holsteinsåne renn i eit lite gjel ned mot hovudelva Gjuva og på ande sida av åne finn vi Solheisen sine nedfartsløyper. Området har eit lett-gått terreng og gode beite, og ein del eldre hytter spreidd i stølslaget. Følgjer ein åne oppetter, kjem ein inn på Fjellstølmyrane, eit breitt myrdrag før det skrånar jamt opp mot Harahorn.

Kulturmiljø

Kulturlandskapsområdet er med i kulturmiljøplanen avdi vi her finn ein av dei få «mellomstølane» som har vore i bruk inntil nyleg. Eit døme er Fausko som har fire-fem stølar, der heimstølen på Muren vart brukt tidleg vår og sein haust. Frå Muren flytte dei til Hydalen eller Vabuleino (to stølar, som dei gjerne bytte på å bruke annakvart år), vidare til Fjellstølen og så ned att til Muren på hausten.



Viktige punkt for planlegging og forvaltning

Området er frodig og myrene ovanfor gjer at det er gode beite, også når det er turre somrar. Dei enkle hyttene som ligg på stølslaget er stort sett av eldre dato og stølsbuene er ganske smålåtne og bra tilpassa terrenget. Nedanfor stølslaget er det hyttefelt med mykje større, moderne hytter. For å ivareta stølspreget på Fjellstølen er det viktig å skilje mot hyttefeltet, legge til rette for beitedyr slik at ein kan halde på det opne beitepreget og unngå bygningar som sprenger skalaen for dei smålåtne stølsbusa.



Fjellstølen med Teigabue t.h. og Fauskebue nede t.v, ein gong mellom 1938-1942.


Ulsåkstølane, Løkjistølane og Grøtestølen

Områdeskildring

Innunder Skogshorn finn vi bratte, snaubeita raslier med godt med småstein på overflata. Nedanfor finn vi langstølane til gardane på Ulsåk og Løkji. Desse langstølane ligg meir spreidd, skilt frå kvarandre av småhaugar, rasrenner og krattskog. Det er eit småskala og lågmælt preg på mange av stølane, der dei ligg med Skogshorn sine fjellveggar ruvande rett ovanfor seg og det småkuperte, skogklede åslandskapet med myrar og vatn og beiteskog ned mot Helsingvatnet på andre sida. Grøtestølane ligg lenger unna fjellet, i eit meir bølgete og skogkledd åslandskap. Myrene er rike på myrmalm, noko som vi ser av dei mange stadene det har vore produsert trekol og jern i jernalder og mellomalder. Dette gjev området ei brukshistorie som strekk seg attende mellom 1000 og 1500 år.

Kulturmiljø

Ulsåk- og Løkjistølarn ligg ikkje så ope og snautt til som Joleimstølarn. Enkelte mindre hytter er komne til, men det er faktisk ikkje så mykje som har endra seg i dette området, bortsett frå attgroing. Ulsåkstølen er ei fjellstogo bygd på 90-talet, og der utforminga av vegar og infrastruktur nok framstår som ein større kontrast til dei små stølane kring seg. Grøtestølane ligg godt tilpassa landskapet til



med fin utsikt over Helsingvatnet, like innunder ein liten hammar og godt skjerma av skogen kring. Nørre stølen er i drift med mjølkekyr, og det blir slept mykje sau, både her og på stølane lenger oppunder Skogshorn.

Viktige punkt for planlegging og forvaltning

Kulturlandskapet er framleis i god hevd, og i motsetnad til mange stølsområde har det endra seg lite dei siste 30 åra. Jf. refotograferingar av Oskar Puschmann på neste side. Området er også innfallsport til turområde som Fekjan og Trøymbotn, som også har gode beite. Området er meir småskala og har fleire små rom, som kan ha fleire bygningar utan å endre karakter.

Dersom ein ynskjer å oppretthald beitebruken, vil fleire hytter og auka ferdsel fort gjere beiteområda oppstykkja og meir forstyrta. Som innfallsport til populære turområde bør ein vurdere felles informasjon og andre tiltak for å styre besøksstraumane og bruken av områda.



Grøtestølane mot Skogshorn og Nibbi. Foto: Hemsedal kommune v/Hanne Lykkja



Ulsåkstølane 1994-2004



Ulsåkstølane 2014-2024



Alle foto: Oskar Puschmann, NIBIO

Joleimstølane


Områdeskildring

Joleimstølane er det mest aktive langstølsområdet med store, samanhengande jorder og sterkt beitepreg som er att i Hemsedal no. Det er eit stølslandskap med særpreg og høge landskapskvalitetar der det ligg i solhellinga innunder foten av Skogshorn og med god utsikt over Storevatnet og Tilsleifjorden. I likheit med områda vest for Joleimstølane er myrene rike på myrmalm, noko som vi ser av dei mange stadene det har vore produsert trekol og jern i jernalder og mellomalder. Dette gjev området ei brukshistorie som strekk seg attende mellom 1000 og 1500 år.

Kulturmiljø

Joleim sameige har gjennom mange år lagt vekt på å sikre samanhengande landbruksareal. Dei gamle stølsvollane er lagt ut til full eigedom i sameiga, medan resten av arealet er beite- og slåttemark på sameiegrunn. Dette er gjort for å bevare stølsområdet. Sjølv om det er få gamle hus her, så framstår området som eit særprega kulturlandskap med tradisjonell og heilskapleg byggeskikk, med stølsbu, fjøs og løe. Fleire stølar har kårhus, nokre få eldre hytter ligg slikt til at dei passar godt inn i stølslandskapet. Dei fleste sela er litt større, bygd på i fleire omgangar.

Det er tre bruk med mjølkeproduksjon på stølen, to av dei i samdrift. All innmark blir nytta, dei jordene som ikkje blir hausta,



blir beita av storfe og sau. Det er kartlagt mykje i området og naturtypane semi-naturleg eng er den hyppigaste forekomande saman med boreal hei. Båe er avhengig av skjøtsel for å verte halde vedlike.

Lykkjavegen går gjennom området og gir eit godt overblikk over stølslaget. Det kan fort bli symbolsk og virke kraftig, om ein vel ta vare på eit slikt kulturmiljø og halde det i hevd.

Viktige punkt for planlegging og forvaltning

Sameiget har gjort mange strategiske val for å sikre stølsdrifta. Området bør ikkje få fleire hytter eller bli meir oppstykkka, eller få ein type ferdsel som gjer det vanskeleg og uhensiktsmessig å halde beitedyr i området.



Joleimstølen med utsikt mot Storevatnet og Helsingvatnet. Foto: Hemsedal kommune v/Hanne Lykkja

Krosstølane – langstølar i skog

Områdeskildring


Krosstølane er ei samling med langstølar i heimåsen, i storskogen på sørsida av hovuddalføret. Stølane her tilhøyrrer gardar på Torsetsida i Hemsedal og Grønlio i Gol. Åsen er jamt skrånande opp mot det slette lågfjellet over mot Gol og Ål. Det er sjeldan langstølar ligg i skogbandet, langt unna alle andre stølslag. Det er få hytter, dei fleste ligg gøymt i skogen.

Kulturlandskap

Krosstølane ligg i storskogen, langt unna all anna busetnad og er prega av gamle, tradisjonelle stølshus. Jordene ligg side ved side, mange av dei blir hausta eller beita, noko som gjeve særpreg til denne vesle stølsgrenda. Enkelte små hytter ligg også her (drifta er lagt ned og stølshusa er tekne i bruk som hytter)

Viktige punkt for planlegging og forvaltning

Det viktigaste for å oppretthalde det opne og frodige kulturlandskapspreget i dette vesle stølslandskapet, er å bidra til fortsatt drift av stølane, hausting av stølsvollane og oppretthalding av stølspreget med bygningar som høver i storleik og funksjon. Den frodige lia har gode utmarksbeite og beitedyr blir lite forstyrta av turfolk, noko som elles kjenneteiknar mange stølsområde i Hemsedal. At det er aktiv støling her er med og gjev området stor verdi som kulturmiljø.





Formidling av stølskultur og dialekt kan vere så mykje. Bilde frå dialekt-campen. Foto: Tori Snerte.


Leinestølen til Sirislettan

Områdeskildring

Dette er det einaste større samanhengande stølslaget på sørsida av dalen som har snaufjellspreg og som framleis er i drift. Vegen opp forbi Leinestølane fører inn til ein steintipp etter kraftutbygging. Her er ein stor parkeringsplass, så dette er blitt startpunktet for mange som vil oppleve Hydnefossen, eit av Hemsdals mest ikoniske turmål. Stølslaget Sirislettan ligg på både sider av eit flott elvegjel og med storslått utsikt mot Storehødn og vest-over mot Grøndalen, utover dalen og over til Valdres. Dette er ikkje meir enn ein to-tre km over til stølane i Ål, men stigane går gjennom myrlendte område.

Kulturmiljø

To mjølkebruk stølar framleis, og området er prega av utmarks-beite, slåttemark og inngjerda beiteområde. Området fekk straum for få år sidan, og difor er ledningsnett her lagt i bakken. Ingen overføringsliner eller andre landskapsinngrep pregar området utanom stølsvegen. Det er eit sjeldant snautt og heilskapleg urørt preg kring stølane. Ein del eldre, små hytter frå 50-60-talet ligg samla i stølslaget, inntil vegen. Det er mange dyretøkk og gamle ferdavegar mellom Ulsåk og Trøym i Hemsedal og Torpo i Ål. Også attende i jernalder og mellomalder var det aktivitet i denne delen av kommunen. Det er registrert mange kolgroper og jernvinneanlegg her.



Viktige punkt for planlegging og forvaltning

Det viktigaste for å oppretthalde det opne kulturlandskapet i dette særprega og inntrykksterke stølslandskapet, er å bidra til fortsatt drift av stølane, hausting av stølsvollane og bevaring av stølspreget med bygningar som høver i storleik og funksjon til dei små hyttene frå 60-talet.



Bilde t.h: Leinestølane har gode fjellbeite, og store areal med inngjerda beite. Stølsvegen har uvanleg høg standard, sidan det og er anleggsveg som går fram til steintippen etter kraftutbygginga. Der er det mange om parkerer når dei skal gå til Hydnefossen i bakgrunnen. Foto: Lisbeth Fløgo Skølt

Bilde t.v og på neste side: Sireslettan har gode fjellbeite, med mange tradisjonelle stølsbuer og små hytter frå 60-talet innåt vegen. Eit særprega og stølslandskap i snaufjellet med langstrakt utsyn til alle kantar. Foto: Gunnar Rudningen



1.4 Jakt, fangst og fiske



Vabuleino


Områdeskildring

Isavsmeltinga etter siste istid har forma landskapet med morenar, grusryggar og slake botnar rundt Vavatn, som ligg rundt 1100 moh. Terrenget rundt vatnet er hovudsakleg slakt bølgljande, med mjuke overgangar mellom vatn, strandsoner, myrdrag og grasdekte flater. Stigande ryggar og høgare fjellparti som Rankonøse og Harahorn rammar inn vatnet og støls-grenda Vabuleino, som ligg i solsida innunder Ranastøngji og like ved nedgangen til Hydalen.

Overgangen frå den opne og snaue viddedalen med det breie fjellvatnet til den nedskorne Hydalen med brattare og meir dramatiske fjellsider, gjer området til eit viktig referanselandskap for austnorsk stølsnatur. (Jf. Hydalen landskapsvernområde). Den gamle stølsvegen ned i Hydalen går gjennom området og det går også fleire stigar og tråkk innover i fjellet.

Kulturmiljø

Vavatn-området er eit svært verdifullt gammalt kulturmiljø med intakte busetnad- og aktivitetsflater langs strandsona og fangstanlegg for villrein med oppmura steinsettingar og fangstgraver i andre delar av området. Kulturspora ligg i eit urørt landskap med nokre mindre stølar (enkelte omgjort til hytter på 50-talet), men elles utan moderne inngrep. Stølane her syner ikkje på kartet *Hemsedal 1849-50* og er truleg av nyare dato.



I tidlegare tider var det mykje villrein og jakting her, men i seinare tid er det Filefjell tamreinlag som nyttar fjellbeitene og det har også vore ein slakteplass for tamrein her. Om ein ser bort frå vegane og bygningane ser ein eit nokså intakt steinalderlandskap, der jakta på rein har vore årsak til at folk har slått seg til her for kortare eller lengre periodar gjennom årtusena. Her finn ein spor etter bruk gjennom meir enn 8000 år. På eit tidspunkt (jernalder/ mellomalder) vart det tatt i bruk fangstgraver for å fange reinen. Dette var ein effektiv fangstmåte og det var særleg skinn og gevir som var ettertrakta handelsvare. Framleis syner spor etter denne fangsten.



Filefjell tamreinlag har rein «på nordsida» av Hemsedal i sommarhalvåret. Vinterbeitet er i Vassfar-traktene. Flyttinga er i mars/april og seint på hausten.

Foto: Runar Bjøberg

Fausko er ein av dei store gardane i Hemsedal. Steinbua som ligg på sameige grunn lengst vest, var den opprinnelege stølen til Fausko. Dei mjølka truleg kyrne ute, medan steinbua var kokehus og ostelager. Fausko flytte stølen lenger søraust for å få betre vasskjelde til avkjøling av mjølka. Lions Club restaurerte steinbua i 1972-73. No er den i ferd med å rasa saman att. Eigar har tenkt at det er mogleg å restaurere den på nytt.

Viktige punkt for planlegging og forvaltning

Stølinga i Vabuleino vart lagt ned på 1950-talet. Då selde mange stølane sine til byfolk, men dei på Fausko ville ikkje selje. Ei stund dreiv dei ei mykje enklare stølsdrift, då brukte dei Muren. Seinare tok Knut Fausko over garden og byrja med økologisk drift. Dei støla på Vabuleino i 16 år frå 1992.

Det er mange som køyrer gjennom området ned til Hydalen, eller som parkerer her for å gå på populære turmål som Hydalskjallen og Ranastøngji. Det er ein god del sau i området i tillegg til tam-reinen som har dette som vår-, sommar- og haustbeite. Enkelte år kan det også vera reinskalving i området eller like i nærleiken.

Alle kulturminna frå steinalder og fram til og med mellomalderen (år 1537) er automatisk freda kulturminne og alt som skjer i området må skje med særleg aktsemd.⁸ Mange av dei gamle spora er svake eller synast ikkje. Dersom det er ynskjeleg å formidle historia her meiner fagfolk at området toler å bli forsiktig tilrettelagt og formidla. Området kan inngå som eit større steinalderlandskap og med fangstanlegget frå mellomalderen.

⁸ **Kulturminnelova §§ 3 og 4** slår fast at alle faste kulturminne frå oldtid og mellomalder (inntil år 1537) er automatisk freda. Det er forbode å setje i gang tiltak som kan skade, endre, dekkje til eller utilbørleg skjemme slike kulturminne. [Kulturminnelova](#); [Riksantikvaren](#).

Det er veg på sommaren og soleis lett tilgjengeleg. Det er også beitedyr som får jamnleg ettersyn og mange er på hyttene sine, slik sett blir området «passa på» av mange. Sjølv om det er sårbart, eignar det seg for å formidle om bruken av fjellet frå steinalder og like fram til i dag.

Fangstgravene er særleg godt eigna for formidling, då dei er tydelege i landskapet. Dersom grunneigarane og grendelaget ynskjer å utarbeide ein skilt- og skjøtselsplan, kan fylkesarkeologen bistå i dette arbeidet.



Vabuleino med Vatatn. Foto: Hanne Lykkja, Hemsedal kommune.



Gamle stølar med spor tilbake til steinalderen. Foto: Kjell Arne Tolpinrud

Anna ressursutnytting i utmark

Utmarksnæring, jernvinneanlegg i Markegardslia

Jernvinna har vore drive som ei onn (=vinne) i utmarksområde, kanskje helst om hausten då det var mindre travelt i jordbruket. Produkta – jernet – har vore ein svært etterspurd handelsvare. Jernvinneanlegget i Markegardslia er god dokumentert. Samla gjev desse spora at Lykkja-området ikkje berre har vore eit ressurslandskap for jordbruk og beite, men òg ein sentral lokalitet for tidleg industriell produksjon av jern.


Estimat tyder på at det vart produsert nær 200 000 tonn jern i fjell- og dalbygdene i Sør-Noreg i perioden sein vikingtid til og med høgmiddelalder, om lag 950 – 1350 e.Kr. Dobbelt så mykje som det dei trong sjølve.



Frå myrmalm til jern Foto: Hjerleid



Det er funn av mange omnar og kolgroper i området. Her er rester av kolgrop (registrert i 2018).
Foto: Håvard Hoftun, Buskerud fylkeskommune



Områdeskildring

Grenda Lykkja, som er den høgstliggjande grenda i landet med fast busetnad, ligg i eit vidstrekt fjell- og heiområde mellom Valdres og Hallingdal. Markegardslia ligg her i den slake lia ovanfor Storevatnet mot Kjølen. Her er myrlendt fjellbjørkeskog som fell ned mot Storevatnet, og fleire mindre bekkefar renn gjennom terrenget. Over ei om lag fire kilometer lang strekning finn ein eit samanhengande kulturlandskap med gardar i sør, og stølsvollar, spreidd hyttebygging og mindre hyttefelt på både sider av fylkesveg 231. Området har hatt langvarig bruk knytt til jernvinne, stølsdrift, utmarksbeite, sanking og ferdsel.

Kulturmiljø

I dette området er det registrert ei rekkje kulturminne knytte til jernframstilling frå yngre jernalder og mellomalder. Valdres og nordlege delar av Buskerud og særleg Golsfjellet, er kjende som eit av dei mest sentrale områda for jernvinne i Sør-Norge. Råstofftilgangen – myrmalm og trevirke til kolframstilling – la til rette for omfattande verksemd. Ved jernvinne-anlegga vart myrmalm varma opp av trekolet til 1000-1200 grader i leireomnar slik at slagget vart skilt ut, medan sjølvve jernet vart samla i form av ein jernlupp. Produksjonen kravde store mengder trekol, og kolgroper er difor vanlege i terrenget rundt anlegga. Kolgropene frå sjølvve jernframstillinga ligg gjerne i nærleik til omnsrestane, medan gropene som vart nytta til å lage trekol til smiearbeid ofte er lokaliserte nærare busetnad.

Viktige punkt for planlegging og forvaltning

Jernvinneanlegget ved Markegardslie er godt dokumentert, kulturminna er freda og arkeologane meiner det eignar seg for besøk og formidling. Det er lett tilgjengeleg med vegar og stigar. Dersom grenda ynskjer å utarbeide ei skilt- og skjøtselsplan for området, vil fylkeskommunen gjerne bistå i arbeidet.



Foto: Hjerleid, Fra myrmalm til jern



Jernbarrar for frakt. Foto: O. Holst © Kulturhistorisk museum,

2. Fjellovergangane: Ferdavegar knytt til dei store ferdselsårene



Kongevegen gjennom Hemsedal – frå Robru til Eldrevatnet

Områdeskildring


Kongevegen gjennom Hemsedal frå Robru i Gol til Eldrevatnet på fjellover-gangen mot Lærdal er ein sentral del av det historiske hovudferdselsnettet mellom Austlandet og Vestlandet. Vegen vart bygd som køyreveg i perioden 1825–1844, som del av ei statleg styrt satsing på å styrkje kommunikasjonen over fjellovergangane. Namnet «Kongeveg» kjem av vegen vart opparbeidd etter eit kongeleg påbod, der lokalsamfunna hadde pliktarbeid med anlegget. Frå Robru og nordetter til Trøym ligg vegen delvis under veg (øvrevegen til Gol og riksveg 52), dels er den blitt borte på grunn av oppdyrking og omlegging av gardstun. Vegen er i stor gard samanhengande frå Kyrkjebøen/Trøym til Tuv og vidare opp til Eldrevatn og fylkesgrensa mot Vestland. Ola Fauske og Olav Dokk som har skrive om Kongevegen - Den fyrste køyrevegen i Hemsedal, gjev ei spennande historie om ei stor hending for bygda, utgjeve 2011 av Hemsedal historielag.⁹

Kulturmiljø

Allereie før køyrevegen vart bygd, hadde vegen aust-vest vore ei viktig ferdselsåre for kløv- og gangtrafikk, mellom anna knytt til

⁹ Fauske, Ola & Dokk, Olav.

Kongevegen – den fyrste køyrevegen i Hemsedal (2011)



handel, stølsdrift og kontakt med marknadsplassen på Lærdalsøyri. Utbygginga av Kongevegen formaliserte og forbetra ei langt eldre ferdselsline, og la grunnlaget for meir regulert transport av varer som smør, skinn og husdyrprodukt aust–vest, og korn, salt og sild vest–aust. Langsmed Kongevegen vart det oppretta tre skysstasjonar gjennom Hemsdal. Fyrste skysskiftet innafor Hemsdal var i Ålrust, men dette var snart flytta til Eikre. På Tuv var det neste, og dette vart etter ein ti års tid flytta til Fausko. Lengst vest låg Bjøberg som blir rekna for å vera ein av dei fyrste skysstasjonane i landet, hadde status som fjellstove og fekk driftstilskot frå staten. Etter at nyvegen (Lina) vart anlagt i 1877 vart Granheim bygd som eit skysskifte i staden for Eikre.

Viktige strekningar og punkt for planlegging og forvaltning

Hemsedal kommune og grunneigarane har tidlegare lagt til rette for kulturopplevingar langs delar av strekninga. No har kommunen sett i gang eit arbeid med å kartfeste heile traseen, for å få eit overblikk over korleis stoda er. Arbeidet må skje i nært samarbeid med grunneigarar og dei som bur i områda langs dei ulike strekningane. Kvar strekning blir skildra slik at vi kan legge til rette for ferdsel til fots og med sykkel, finne fram til eigna type tilretteleggingstiltak og søke støtte for restaurering der dette er naudsynt. Tiltaka er lagt inn i handlingsplanen.

Strekningar og punkt

Den fyrste grove inndelinga av dei ulike strekningane blir lagt inn på kommunekartet med tre ulike signaturar:

- **Kongeveg A:** er strekningar der vegen er mykje intakt og har høg verdi både for kunnskap, opplevingar og bruk. Tilrettelegging for ferdsel, god informasjon og restaurering er aktuelt. Døme på slike vegstrekningar er Eldrevatn- Slette-vatnet, Storeskar- Gryvlebakkjin og Lio-Venås. A-områda har så høge kvalitetar at dei bør inn som 5 m hensynssone på kvar side av vegen i arealdelen til kommuneplanen.
- **Kongeveg B:** er strekningar der vegen er synleg, har vorte mykje endra, men likevel har høge verdiar for opplevingar og bruk. Tilrettelegging for ferdsel, reparasjonar og restaurering er aktuelt på strekningane Ershovd- Storeskar og delar av vegen over Hustad. Hensynssone 5 m i arealdelen av kommuneplanen.
- **Kongeveg C:** er strekningar der vegen ikkje lenger er synleg (ligg under veg, er nedbygd eller under dyrka mark). Aktuelle tiltak her er informasjon og styring av ferdsel til trasear som eignar seg for dei som vil gå lengre strekningar av Kongevegen. Døme på slike

strekningar er gjennom Lio frå Gryvlebakkji til Lien (ligg under Rv 52), dyrkamark ved m.a. Finnset og Haug – Kyrkjebøen - Trøym (under privat eller kommunal veg, eller gjennom gardstun).

- **Skysstasjonane:** langs Kongevegen: Bjøberg, Fausko/Tuv og Ålrust/Eikre.
- **Tekniske kulturminne:** Bruer og brukar, hengebruer, klopper like gamle som Kongevegen



*Kongevegen og sørover Mørkedalen ved Bakkestølen/Ershovd i Hemsedal.
Foto: Hanne Lykkja/Hemsedal kommune*



Kongevegen gjennom Heimdalen ned mot Lio i Hemsedal 1921. I 1879 til 1887 vart det bygd ny veg frå Lauvset til Bakkestølen. Her fra Lauvset. Foto: Anders Beer Willse

Fjellvegane nordover til Valdres og sørover til Ål

Døme: Gamle Lykkjaveg som historisk ferdselsveg

Områdeskildring

Gamle Lykkjaveg er ein eldre ferdselsveg frå Ulsåk/Gravset og innover mot Joleimstølane og Lykkja, knytt til stølsdrift, kyrkjeveg og seinare vinter- og sommarferdsel før moderne vegutbygging. Vegen er dokumentert i Hemsedal Bygdearkiv som ein del av det historiske transportsystemet i austre Hemsedal.

Kulturmiljø

Historielaget viser til rapportar om *kartlegging av eldre vegar i Hemsedal*, mellom anna kyrkjevegar og ferdselsliner i utmark, som gir metodisk bakgrunn for restaurering av gamle vegar som Lykkjavegen. Vegen er rydda og restaurert dei siste åra, og på vinteren går ein skiløypetrasee her.

Viktige strekningar og punkt for planlegging og forvaltning

Det er ikkje teke stilling til om det er behov for å ta spesielle hensyn til enkelte strekningar, eller punkt. Det er viktig å få oversikt over kva som er registrert og kartfesta, og om det er ynskjeleg med nokon form for hensynssone. Vegen er sett på handlingsplanen som eit mogeleg tiltak.



Foto: Ukjend

Hemsedal Bygdearkiv

Fotografiet «Gamle Lykkjavegen ved krysset til Jordheimstølane» viser vegens karakter: smal trase, naturleg terrengtilpassing og tydeleg kopling til stølslandskapet. [digitaltmuseum.no]



Gamle Lykkjaveg vart fint sett i stand hausten 2025 og delar av den er skiløypetrasee om vinteren. Det gror fort til att her. Foto: Signe Lise Jordheim, 2025.

Andre viktige ferdselsårer

som ein kan ta inn i planen, dersom det er ynskjeleg:

- **Hydalen til Smådalen og Grunke (LVO)**, og vidare opp Kyrkjuskaret og til Filefjell. Forstudie stig/del av austleg saltmannveg. Samarbeid med vegprosjekt i Valdres.
- **Bjøbergskaret** -Frå Bjøberg og Ershovd til Bulien og kyrkjevegen gjennom Grøndalen og Mørkvamdalen via Kyrkjuskaret og til Thomaskyrkja (knappt i bruk etter at snøfelt/fonna over storesteina ur i kyrkjuskaret smelta).
- **Gamal veg frå Tørpo til Valdres:** over Hjelmen, Eikre, Tisleifjorden og Tyrishølt til Ulnes

Fjellvegane sørover til Ål

- **Kjerreveg - stig, Frå Lauvhaug og Lio**, via Flævatnet og Hølleskarstjedne til Ål
- **Kjerreveg – stig, frå Sireslettane til Breiset i Ål** (2,5 km)

Andre ferdselsårer – kulturstigar

- **Finnstigen:** Stig frå Bygdatunet til heimstølane (tufter) og vidare til Gravset,
- **Synarsvaet:** Tilrettelagt natur- og kulturstig, skilta for nokre år sidan.
- **Dyretåkk over Ulsåskaret** til Fekjastølane (tufter)



Frå Hulbakkleiva, Synarsvaet natur – og kulturstig. Ein såkalla gjerdeklyv gjer det greitt å klatre over gjerdet. Foto: Hanne lykkja

3. Tre bygdesentrum - Tuv, Trøym og Ulsåk



Vedrørende skildringar av områda, sjå kap. 3.6 i kulturmiljøplanen. Desse spørsmåla syner at her må ein setje tema på handlingsplanen, dersom ein ynskjer å utvikle sentruma med ein rest av gamle kulturmiljø vidare.


Vi vel å ta med forslag til tiltak i dette kunnskapsgrunnlaget, av di vi har fått inn innspel, men ikkje hatt høve til å jobbe vidare med tiltak eller grundigare analysar. Dersom ein ynskjer å styrke lokalt særpreg kan ein ta dette med vidare i pågåande planprosessar.



Foto: Hemsedal.com/Frank Tolpinrud


TRØYM

Skisser som viser eldre bygninger i sentrum, og kulturhistoria knytt til disse



TUV

Skisser som viser eldre bygningar på Tuvbakkjinn og Tuv, og kulturhistoria knytt til desse.



ULSÅK

Skisser som viser eldre bygningar på Ulsåk, og kulturhistoria knytt til desse.



ULSÅK var tidlegare prega av store klyngetun, bygningane er flytta ned fleire stader. Få eldre bygg, mølle (fjerna) og pensjonatet (bygd om og seksjonert ut). Bustadfeltet ligg aust for kartutsnittet, langsmed hovudvegen.

Overordna prinsipp for utvikling av dei tre tettstadane

- basert på innspel frå grendemøte og innspelsmøte for sentrumsplanen, Smart Fjellbygd mm.

Visjon

Hemsedal sine tettstader skal utviklast med respekt for kulturarv og lokal identitet, samtidig som dei blir levande møteplassar for kultur, handel, landbruk, reiseliv og friluftsliv.

1. Bevaring av kulturmiljø:

- Kartlegg og verna bygningar, stader og landskap med historisk verdi.
- Integrer kulturhistoriske element i nye prosjekt (materialbruk, formspråk, stadnamn).

2. Synleggjering av lokal identitet:

- Bruk design og skilting til å fortelje historia om stølsdrift, fjellkultur og bygdas utvikling.
- Skap uterom som reflekterer Hemsedals natur og tradisjonar.

3. Kulturell infrastruktur:

- Tilrettelegg for møteplassar og arenaer for kulturaktivitetar (marknader, konsertar, kunst).
- Bruk fleksible løysingar som kan tilpassast sesong og behov.

4. Medverknad og samarbeid:

- Involver grunneigarar, næringsliv, frivillige og kulturaktørar i planlegginga.
- Etabler ein kulturgruppe for tettstadane som sikrar lokal forankring.

Framlegg til tiltak i handlingsplanen for 2026-2029

Trøym

- **Kulturminnegruppa** bør få i oppdrag å registrere bygningar med kulturminneverdi i Trøym sentrum. Dette vil vera eit viktig grunnlag i arbeidet med arealdelen av kommuneplanen, særleg for å vurdere om delar av busetnaden bør markerast med hensynssone. Det er også under utarbeiding ein områdeplan for Trøym, der både hensynssone kan brukast og bevaringsverdige bygningar kan markerast tydeleg (tjukk strek for bygg som ikkje skal rivast).
- **Bevar historiske bygg** frå Låvin, skulegarden og kyrkjegarden på oversida av vegen og hotellet og dei andre husa på nedsida av vegen til posthuset og elvepromenaden som identitetsmarkørar. Jf. Registreringane over.
- **Lag ein plan for blå skilt.** – gamle bygningar i sentrum.
- **Bruk uteromsvegleiaren** til å skape ein heilskapleg estetikk.
- **Etabler kulturarena** ved torget/ØYA for arrangement og kunstinstallasjonar.
- **Landbrukstilknytta næringsbygg** som dagens ysteri og salslaget bidreg til at vi forstår at Trøym er nær knytt til landbruket (største mjølkeproduksjonen i Buskerud), og aktivitetane og tilboda skapar gode, naturlege møteplassar der folk får forståing for kvarandre. Viktig å sikre at dei er i sentrum. (Innkjøpslaget kan ev. flyttast til sagbrukstomta, og dei små gardstuna i sentrum, og bidra til skjerma og god plass for slik handel, bondens marknad, andre tilbod.)
- **Legg til rette for lågterskel kulturaktivitetar** og samarbeid med frivillige.
- **Bruhaug camping** kan fungere som et startpunkt for utbyggingsområdet. Det kan vurderes et prosjekt der eksisterende bygninger flyttes og gjenbrukes på området for å skape et nytt, helhetlig miljø med kulturhistorisk forankring.


Tuv

- **Profilér Tuv som porten til fjellet** med kulturformidling knytt til stølsdrift og friluftsliv.
- **Skilting og små kulturinstallasjonar** langs ferdselsårer.
- **Bruk lokale historier** i design av møteplassar.
- **Legg til rette for lågterskel** kulturaktivitetar og samarbeid med frivillige.

Ulsåk

- **Skap kultursoner** ved handelspunkt (Kiwi-området) med kunst og historieforteljing. à vandring langs elva og bort til Klokkarsteinen (sjå instagram eksempel frå Hemsedalcom →
- **Legg til rette for lågterskel** kulturaktivitetar og samarbeid med frivillige.
- **Set i stand hengebrua** og lag gode vandreveg som er formidla og tilrettelagt slik at gardsdrift og matproduksjon blir framheva og noko folk tek vare på og omsyn til. Inkl. god ferdselsstyring og tilrettelegging rundt campingplassen. (tuntavle)

Bygge vidare på FIFA, SMART fjellbygd og boligplan: Kulturmiljø og mobilitet – uteromsveileder - nærrområder – skape felles identitet -vern gjennom bruk – korleis forsterke kulturmiljø / opplevsar i desse NÆRområda : Uteromsveileder Trøym sentrum/Ulsåk sentrum/Tuv sentrum, Karisetberget, Gamle Kongevegen (Folk i form), Steget (TOPP 20), Trøim-Trøimsbøtt, Heimsilstigen, Fiskumstigen, Grønåsstigen, Solaust, Geiteberget.



Historieforteljing rundt kulturminne i Hemsedal v/ Hemsedal destinasjonsselskap. Skjermdump frå video – Hemsedalcom: [Lenke til Instagramfilm.](#)



Lokale historiske og arkivbaserte kjelder

- **Hemsedal bygdearkiv.** Relevante registreringar og opplysningar om gamle ferdselsvegar, stølsvegar og kulturmiljø.
- **Hemsedal historielag.** Relevante artiklar, rapportar og lokalthistoriske oversikter.
- **Hemsedal bygdebok / eldre lokalthistoriske publikasjonar** nytta i omtalen av gardar, stølar, skystasjonar og jordbruksutvikling.’

Lover, forskrifter og offentlege kjelder

- **Forskrift om vern av Hydalen landskapsvernområde, Hemsedal kommune, Buskerud** (FOR-1989-02-24-124), fastsett ved kongeleg resolusjon 24. februar 1989.
- **Miljødirektoratet.** *Naturbase faktaark: Hydalen landskapsvernområde.*
- **Riksantikvaren.** *En innføring i å lage kulturminneplan for kommunen.* Publisert 3. september 2020, sist oppdatert 8. mai 2025.
- **Landbruksdirektoratet.** *Utvalgte kulturlandskap i jordbruket – forankring, kriterier og beskrivelse av arbeidet.*
- **Artsdatabanken.** *Artskart.*

Fag- og kunnskapskjelder

- **NIBIO (Norsk institutt for bioøkonomi).** *Samarbeid om beite for å halde kulturlandskapet ope.* Publisert 4. april 2018.
- **NIJOS** Puschmann, O. (1996) *Et landskapskulturkvaliteter: Hvordan se den nære fortid i dagens jordbrukslandskap: Kildebruk og analyse av tre eksempelområder i Hemsedal kommune.*

Lokale og regionale kjelder

- **Hallingdal Museum.** *Hemsedal Bygdatun.*
- **Hemsedal kommune.** *Hemsedal Bygdatun.*
- **DigitaltMuseum / Hallingdal Museum.** *Hemsedal Bygdatun, Øvre Løkji – bygningar.*
- **Hemsedal historielag.** *Kongevegen – den fyrste køyrevegen i Hemsedal.* Hemsedal historielag, 2011.
- **Hemsedal.com.** *Kongevegen.* Oppdatert 11. mai 2022.
- **Hemsedals slektshistorie (Flatabokji).** H. Flaten og O. Rudvin (1976). *Slektshistorie frå Hemsedal frå 1693-1975*

Lokale planar og dokument

- **Hemsedal kommune.** *Kommuneplanens arealdel* (gjeldande versjon).
- **Hemsedal kommune.** *Kulturmiljøplan for Hemsedal kommune, med handlingsplan 2026–2029.*
- **Hemsedal kommune.** *Beitebruksplan* (gjeldande versjon).
- **Hemsedal kommune.** *Naturmangfaldplan* (dersom vedteken / gjeldande utkast).
- **Hemsedal kommune.** *Sentrumsplan / områdeplanar* der desse er nytta som kunnskapsgrunnlag.



«Krosstølan, beite med far» Foto: Tori Snerte